



A1-Takst AS
5146 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2158 - 15/18279

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
05.10.2015

Retting av vedtak i administrativ sak 351/2015 av 25.9.2015 - gbnr. 31/19 i Meland kommune jf. journalpostID 15/17665

Administrativt vedtak. Saknr: 359/2015

Bakgrunn

Gjennom vedtak av 25.9.2015 i administrativ sak 251/2015 gav Meland kommune respektivt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og løyve til oppføring av dobbeltgarasje – inkludert rom for varig opphald – på gbnr. 31/19, jf. journalpostID 15/17665 (arkivsak 14/2158).

I vedtaket er byggjetiltaket opplyst til å vere **13,5m²-BRA**, medan det av både søknaden og saksutgreiinga går fram at tiltaket i realiteten er på **133,5m²-BRA**.

Vurdering

Forvaltningsloven (fvl.) § 35 gir kommuneadministrasjonen heimel til – på nærmare vilkår – å omgjere eget vedtak utan at det ligg føre klage. Lovføresegna oppnar dertil for at administrasjonen òg kan rette openbare feil i vedtaket.

I føreliggjande sak manglar det ved inkurie eit tal i vedtaket si skildring av storleiken på det omsøkte tiltaket, medan både søknad og saksutgreiing ikkje lemnar tvil om kva storleik som både er omsøkt og meint godkjent (133,5m²-BRA). Ei retting av denne feilen kan dermed gjerast utan skade for nokon vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser, jf. fvl. § 35 første ledd, bokstav a.

Vilkåra for retting vert på denne bakgrunn vurdert til å vere oppfylte, jf. fvl. § 35.

Endra vedtak

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

På bakgrunn av saksutgreiinga og vurderinga over vert vedtak av 25.9.2015 i administrativ sak 251/2015 - journalpostID 15/17665 i arkivsak 14/2158 – erstatta med følgjande avgjerd:

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadane til kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av ein 133,5m²-BRA stor garasje med rom for varig opphald i andre etasje, i samsvar med søknad med vedlegg datert 17.4.2015. For grunngjevinga av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

I medhald av pbl. §§ 20-1 bokstav a, 20-2 og § 20-3 gir kommunen vidare løyve til oppføring av nemnde bygning i samsvar med søknad datert 17.4.2015. Bygget skal plasserast som vist på vedlagte situasjonsplan datert 17.4.2015, med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50cm. Minstegrensa på 4m til nabogrenser er absolutt. Bygget skal vidare oppførast og utformast i samsvar med vurderinga over og vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar dagsett respektivt 30.1. og 13.4.2015, med eit toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20cm.

Tiltaket vert elles gitt på følgjande vilkår og føresetnadar:

- Det vert ikkje etablert ny bueining eller sanitærinstallasjonar i det nye byggverket.
- Byggverket vert oppført med ei preakseptert løysing m.o.t. brannmotstand mot einebustaden
- Bygget skal elles utførast i samsvar med dei krav som er stilt for tiltaket i eller i medhald av pbl.
- Dispensasjon og byggjeløyve fell bort dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9.
- Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.
- Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Om grunngjevinga for vedtaket om byggjeløyve vert det igjen vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

Om klagerett mv. vert det vist til det opphavlege vedtaket av 25.9.2015 i adm. sak. 251/2015.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020

BERGEN

Mottakere:
A1-Takst AS

5146

FYLLINGSDALEN